

## KATLAS INTRODUKSJONSKURS I FISKING

*Gjev ein mann ein fisk, og han har mat for ein dag  
Lær ein mann å fiske, og han har mat for livet.*

*-Lao Tzu, kinesisk vismann*



I påvente av den totale katastrofen (apokalypsen, klimakrisa, økonomisk kollaps etc.), er det på sin plass at folk gjenopprettar kontakten med dei nære naturressursane og med det lokale landskapet. Katla foreslår at Kunstakademiet opnar for eit introduksjonskurs i fiske for nye studentar.

Argumentet er som følgjande:

1. Ein kunstnar må ha mat.
2. Ein kunstnar tjener gjerne lite pengar.
3. Om ein må ha mat, men ikkje har pengar, må ein skaffe maten sjøl.
4. Fiske er ein metode folk har nytta i tusenvis av år.
5. Mange kunststudentar veit lite eller ingenting om korleis ein fiskar og korleis ein sløyer og preparerar fisken så han kan etast.
6. Katla veit korleis ein fiskar og preparerar fisken.
7. Katla kan og bør lære andre kva Katla kan.

Katla har båt og fiskeutstyr. Me foreslår å ta med ein liten gruppe kunststudentar i starten av semesteret ut på ein båttur der me overnattar på ei av øyane i Bergens skjergård og brukar dagane til å instruere studentane i fiske og preparering, samt andre overlevingsstrategiar.

Me i Katla er lei av dette fordømte pjattet om at kunstnarar er dømde til eit liv i fatigdom og utmattelse i ein økonomisk byråkratijungel. Dessutan er me svært opptekne av den foreståande samfunns-omveltninga som følgjer av drastiske globale forandringar i klima og økonomi. I ein slik situasjon vil dei service-orienterte og administrative næringane som i dag dominerar norsk økonomi, og som flyt på ei boble av privilegert valuta og oljeverdi, kollapse. Næringskjeden forkortast. Det store papirmølle-monsteret døyr, og med det forsvinn alle dei absurde privilegiene som gjer nordmenn og andre søkkrike folkeslag så dovne og makteslause. I ein slik situasjon skulle det vera godt om ein i det minste veit korleis ein fiskar.

Katla ynskjer å inspirere studentane til sjølvstendig verksemd, til å ta initiativ og gjennomføre prosjekt på trass av og uavhengig av eit tungrodd byråkrati. Dette kurset omfattar ein grunnleggjande kunnskap som kan stimulere til å gå inn i ein slik potensielt subversiv prosess. Me vil forsøke å skape eit rammeverk for tankar og idear om kunst og liv, og garantert skape ein god dynamikk mellom dei deltakande studentane, noko som ikkje usannsynleg vil resultere i gode framtidige samarbeid.

Kurset vil følgje Katlas NBP (No Bullshit Protocol), ein garanti for

- 1) Nyttig kunnskap og erfaring
- 2) Upretensjøs kommunikasjon

Om Kunstakademiet anser det for å vera aktuelt å samarbeide med Katla, er me villige til å inngå forhandlingar.

Mvh.

Katla

Jonas F. Ib. H. Jensen

Mathijs van Geest

Ånond Versto

Katla Kommunikasjonsenhet:

Tlf Jonas: (0047)91640797

Tlf Mathijs: (0047)40332142

Tlf Ånond: (0047)92207153

[katlakalypso@gmail.com](mailto:katlakalypso@gmail.com)